



Til landstinget i Norsk kulturskoleråd

SAK 5.10 – KULTURSKOLE FOR ALLE I SFO-TIDA

Saken er innsendt at Norsk kulturskoleråd Vestlandet

Saksordfører: Hege Eide Vik

Hovedstyrets innstilling til vedtak:

Landstinget støtter intensjonen i forslaget, og anser at forslaget er ivaretatt i den politiske plattformen.

Administrasjonens utredning til hovedstyret:

Dette er i tråd med Stovelandsutvalgets anbefalinger, og bør anbefales for landstinget.

Fylkeslagets utredning:

Forslag til vedtak:

Norsk kulturskoleråd vil i dialog med sentrale myndigheter og relevante aktører perioden 2025-2028 utreia moglegheitsrommet for eit forpliktande samarbeid for å få kulturskule for alle i SFO-tida.

Bakgrunn for saken:

SFO er no gratis i kjernetida for 1. og 2. trinn. I statsbudsjettet for 2022 vedtok Stortinget at kommunane i Norge skal tilby 12 timars gratis SFO for 1. trinn. Frå august 2023 blei ordninga utvida til å gjelde 2. trinn i tillegg. Frå august 2024 vert ordninga utvida til 3. trinn.

Dette er eit unikt høve for å nå flest mogleg elevar med kulturskuleopplæring.

I Rammeplan for SFO pkt. 3.3 står det følgjande: «Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO



Norsk kulturskoleråds landsting, Bodø 17. og 18. oktober 2024.

gi støtte til at barna får skape sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykke seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur».

Kulturskulane organiserer aktiviteten sin i tre program: Kjerneprogrammet, fordjupingsprogrammet og breiddeprogrammet *. Kulturskulane gir opplæring i ulike kunst- og kulturfag av god kvalitet utført av pedagogar med høg kompetanse innan kunstfag. Fleire år med fokus på pedagogisk kompetanse, gjer at lærarane i kulturskulane og har praktisk pedagogisk utdanning frå UH-sektor.

Framtidas kulturskule vert no lansert som regionale program på landsbasis. Programmet aspirer til å bistå kommunane / kulturskulane med utvikling og endringsarbeid. Kulturskulen sitt moglegheitsrom vert fokusert i det kommunale samhandlingsrommet.

Frå myndighetene vert det munnleg og skriftleg oppmoda til samarbeid, samhandling og samskaping mellom aktørar for å nå mål som tener Noreg i høve tidleg innsats og laget kring barnet.

I Meld. St.18 (2020-2021) einstemmig vedteken i Stortinget står mellom anna dette:

8.4.4.: Regjeringa oppmodar om at kommunen, som eigar av skolane og kulturskolane, arbeider for å sjå tilsetjingar i grunnskolen, SFO og kulturskolen i samanheng.

Kommunane bør, der det er mogleg, utnytte eksisterande kompetanse frå kulturskolen i barnehagen, grunnskolen og SFO.

8.5.2.: I samarbeid med barnehagen, skolen og SFO bidreg kulturskolen til at barn og unge får utfalde seg kulturelt i lokalsamfunnet. Strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang» legg vekt på at barnehage, skole og SFO skal bruke ressursane i og samarbeide med kulturskolen.

Kommunen eig og driv både barnehagar, skolen, SFO og kulturskolen og har derfor gode føresetnader for å leggje til rette for gjensidig forståing og samarbeid.

**Breiddeprogrammet får mogleg nytt namn etter sak om revidert rammeplan på landstinget 2024.*

Saksutredning:

Me har i fleire åra hatt ei rekke utgreiingar frå ulike departement, som bygger opp om det faktum, at me må få betre samhandling for å forebygge tidleg med omsyn til born og unge.

I 2013 utga departementet rundskrivet «Forebyggende innsats for barn og unge».

En barndom for livet – Økt tilhørighet, mestring og læring for barn i fattige familier kom i 2023.

Ei ekspertgruppe har frå hausten 2022 sett på korleis barnehagar, skuler og SFO saman kan sjå til, at alle barn og unge får like moglegheiter i livet, uavhengig av bakgrunn. Den 15.februar 2024 vart ekspertgruppa sine tilrådingar overlevert kunnskapsministeren i



Norsk kulturskoleråds landsting, Bodø 17. og 18. oktober 2024.

rapporten «Et jevnere utdanningsløp – Barnehage skole/SFO som innsats mot ulikheit blant barn». For Ekspertgruppa er det eit prinsipp, at aktivitetane på SFO er gratis. Ekspertgruppa foreslår å integrere kulturskule og SFO i ein meir heilskapleg skuledag.

Betre tverrfagleg innsats har no fokus i fleire kommunar. Me har døme på at kommunar ser at den kommunale kulturskulen lyt ha representant inn i dette arbeidet, som er del av førebygging. Men det er per no ikkje sjølv sagt.

Med aukande kriminalitet frå mindreårige og utfordringar med unge uføre, vert førebygging eit svar som står seg. Førebygging kjem med eit lovverk, som me set i samheng med den lovpålagde kulturskulen.

Dei fleste kulturskular har tilbod i SFO-tida, men det er betalt tilbod som elevar tek del i dersom føresette melder dei på. Me har nokre få unntak i landet. Bergen kommune har vore føregangskommune med sin versjon av «Kulturkarusell», med eit kvalitetstilbod i nær samhandling mellom tilsette i kulturskulen og i SFO. Kulturskuleleiinga i Bergen ser tydinga av langsiktig tenking og tiltaksplanar knytt til økonomiplan i avtaler mellom avdelingane for kultur og skule, for å oppretthalde og utvikle omfanget med mål om å nå samlege born på SFO og med det komme nærare visjonen «kulturskule for alle» vedteken av eit einstemmig storting.

Breiddetilbodet i kulturskulen er retta mellom anna mot samarbeid med kommunale einingar for å nå fleire innbyggjarar med mål om å ivareta samfunnsbehov og aktuelt planverk. Me ser verdien av, at lærarkompetanse i kulturskulen vert nytta i samhandling med tilsette i SFO for å styrke kunst- og kulturaktivitetane og det verdigrunnlag som både kulturskule, SFO og skule er tufta på for bygging av eit samfunn basert på tryggleik og tillit.

Med bakgrunn i Rammeplan for SFO pkt. 3.3 er det ønskeleg å oppnå forpliktande samarbeid mellom kulturskule og SFO på landsbasis.

For å nå eit slikt mål, ser me det naudsynt med ei omfattande utgreiing perioden 2024-2028 utført av Norsk kulturskoleråd i samarbeid med relevante aktørar.

Relevante saksdokument:

[Forebyggende innsats for barn og unge](#)

[Forskrift om Rammeplan SFO](#)

[Strategi 2032](#)

[Høyringsutkast rammeplan kulturskolen](#)

[Kulturskule for alle – Norsk kulturskoleråds strategi for mangfold, inkludering og innenforskap](#)

[Kulturskolemanifestet og Kulturskulen som inkluderande kraft i samfunnet](#)



Norsk kulturskoleråds landsting, Bodø 17. og 18. oktober 2024.

PE-strategien

Meld.St.18(2020-2021)

Framtidas kulturskule og regionale program

Framtidens kulturskule nettressurs

Tidlig innsats

En barndom for livet

Et jevnere utdanningsløp (febr.24)

Bedre tverrfagleg innsats (BTI)

Helga Pedersen
Styreleder

Morten Christiansen
Direktør